



G16 jublar etter siger.

**4 av dei 5 laga som hadde kvalifisert seg for A-sluttspel tapte i går sine kampar. Dermed er dette eventyret over for desse spelarane i år, men dei kan sjå tilbake på ein imponerende innsats. G16-2 laget spela mot Fyllingen og presterte ei fantastisk spennende opphenting som sende dei vidare til neste runde. J15/16-laget gjekk vidare i B-sluttspelet.**

G16-laget fekk ein vanskeleg start mot gode motstandarar frå Fyllingen. Dei låg under 1 - 3 ved pause etter scoring av Marius Myklebust. Pausen gjorde godt. Og ei imponerende opphenting starta. Først vart det 2 - 3 etter ei ny scoring av Marius Myklebust. Deretter gav keeper retur på eit godt skot frå same Marius, og Sondre S. Myklebust var påpasseleg framme på returen og ordna 3 - 3. No steig spenninga til det absolutte høgdepunktet! Like før slutt kom endeleg vinnarmålet. 4 - 3 siger!

Det er 4 uskedelinger på laget: Kjartan Tungesvik, Emil Bakke Berntsen og dei to nemnde målscorarane Marius Myklebust og Sondre S. Myklebust.



Ragnvald Myklebust behandlar skade på Marius i tidlegare kamp. Heldigvis kunne han spele vidare. Han er viktig for laget. J15/16 vann sin kamp mot Gruner 4 - 2 og er vidare i B-sluttspølet. Dei spelar 1/8 -delsfinale i dag mot Skjestadmark IL. Kl-12.55 er det klart for ny kamp for gutane. Då møter dei Burfjord IL. Det vert spennande å følgje med vidare.

**Siste:**



Jentene vann sin kamp mot Skjestadmark i dag 4 - 2 etter strålende innsats. Dermed er dei klar for ny kamp og kvartfinale i kveld. Gratulerer!

To Uskedalsjenter spelar på dette laget: Maren Huse Bjørnebøle og Amalie Haugland Røstbø.



Jentelaget er klart for kvartfinale.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Rosendal Turnlag.